


O-87102

Kystsoneplan for Selje kommune

Framlegg til kommunedelplan 1990



NIVA – RAPPORT

Norsk institutt for vannforskning  NIVA

Hovedkontor Postboks 69, Korsvoll 0808 Oslo 8 Telefon (02) 23 52 80 Telefax (02) 39 41 89	Sørlandsavdelingen Televeien 1 4890 Grimstad Telefon (041) 43 033 Telefax (041) 43 033	Østlandsavdelingen Rute 866 2312 Ottestad Telefon (065) 76 752 Telefax (065) 78 402	Vestlandsavdelingen Breiviken 5 5035 Bergen-Sandviken Telefon (05) 95 17 00 Telefax (05) 25 78 90
--	---	--	--

Prosjektnr.: 0-87102
Undernummer:
Løpenummer: 2421
Begrenset distribusjon:

Rapportens tittel: KYSTSONEPLAN FOR SELJE KOMMUNE Framlegg til kommunedelplan 1990	Dato: 30. mai 1990
	Prosjektnummer: 0-87102
Forfatter (e): Jan Sørensen	Faggruppe: VRF
	Geografisk område: Sogn og Fjordane
	Antall sider (inkl. bilag): 63

Oppdragsgiver: Selje kommune	Oppdragsg. ref. (evt. NTNF-nr.):
---------------------------------	----------------------------------

Ekstrakt: Kystsonenplan for Selje viser planlagt arealdisponering i sjømråda og dei sjønære landområda. Planen har rettsleg bindande verknad etter godkjenning i kommunestyret. Planen tek føre seg dei viktigaste brukarinteressene på sjø med fokus på akvakultur. Planutforming og -prosess er utført i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova.
--

4 emneord, norske:

1. Kommunedelplan
2. Kystsonen
3. Arealdisponering
4. Føresegner

4 emneord, engelske:


- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Prosjektleder:



For administrasjonen:

ISBN 82-577-1719-3



Selje kommune

FORORD

Framlegg til kystzoneplan for Selje kommune er utført som eit samarbeidsprosjekt mellom Selje kommune og Norsk institutt for vannforskning - NIVA, som har vore konsulent i arbeidet.

Planleggjing i kystsona er framleis i ein utviklingsfase. Det fører til at ein må eksperimentere med ulike løysingar før ein når fram til ein plan som er eit godt styringsverktøy. Denne planen må difor sjåast på som ein "1. ste generasjonsplan" som må utviklast og utbetrast gjennom ein kontinuerleg prosess - ikkje som eit ferdig og avslutta produkt.

Arbeidet med kystzoneplanen har vore ein bevisstgjerings- og modningsprosess for dei medverkande partar. Kystsona har tradisjonelt vore "uplanlagd" og "fri for alle" og det vil for mange vere ein uvan tanke å skulle prioritere og planleggje utnyttjing og vern på lenger sikt.

Det skal rettast ein takk til alle dei som har medverka på ein aktiv og konstruktiv måte i planarbeidet - dette gjeld særleg medlemmane i fagrgruppa og styringsgruppa/politikarane representerte ved Selje formannskap. Det skal og rettast ein takk til deltakande statlege sektorstyresmakter, organisasjonar, skular og publikum elles for nyttige innspel - og ikkje minst tidlegare fiskerisekretær Jan Petter Venøy som har vore sekretær for planarbeidet.

Oslo, 07.05 1990.

Norsk institutt for vannforskning - NIVA
Jan Sørensen.

INNHALD

FORORD.....	1
OVERSYN OVER DOKUMENT FRÅ PROSJEKTARBEIDET.....	5
SAMANDRAG.....	6

A. PLANFØRESETNADER.

Kap. 1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET.....	13
2. FORMÅLET MED KYSTSONEPLANEN.....	14
3. GEOGRAFISK PLANAVGRENSNING.....	15
4. ORGANISERING AV PLANARBEIDET.....	16
5. DELTAKANDE SEKTORINTERRESSER.....	17
5.1 Deltakande sektorar.....	17
5.2 Akvakultur i fokus.....	17
6. NATURGJEVNE RAMMEVILKÅR OG RESSURGRUNNLAG.....	22
6.1 Sjøområda.....	22
6.2 Strandsona.....	22
7. UTGREIINGAR OG PLANGRUNNLAG.....	26
8. PLANENS KOPLING TIL LOVVERKET.....	28
8.1 Plan- og bygningslova.....	28
8.2 Hamnelova.....	28
8.3 Saltvannsfiskelova.....	29
8.4 Oppdrettslova.....	29
8.5 Forureiningslova.....	29
8.6 Lov om tiltak mot sjukdommar hos ferskvannsfisk... 30	
8.7 Lov om friluftslivet.....	30
8.8 Lov om naturvern.....	30
8.9 Lov om kulturminne.....	31
9. PLANENS FORHOLD TIL LENKA-PROSJEKTET.....	32

B. MÅL OG PRINSIPP FOR AREALDISPONERINGA

10.	MÅL FOR SEKTORANE.....	35
10.1	Akvakultur.....	35
10.2	Fiske.....	35
10.3	Friluftsliv.....	35
10.4	Naturvern.....	36
10.5	Kulturvern.....	36
10.6	Samferdsel.....	36
10.7	Resipientbruk.....	36
11.	PRINSIPP FOR AREALDISPONERINGA.....	37
11.1	Prinsipp for disponering av område til akvakultur.....	37
11.2	Prinsipp for disponering av område til fiske og ferdsel (fleirbruk).....	39
11.3	Prinsipp for disponering av område til fiske og låssetjing.....	39
11.4	Prinsipp for disponering av område til friluftsliv.....	39
11.5	Prinsipp for disponering av område til naturvern og vern av ressursgrunnlaget.....	40
11.6	Prinsipp for disponering av område til kulturvern.....	40
11.7	Prinsipp for disponering av område til ferdsel og hamneformål.....	41
12.	SPESELLE KONFLIKTOMRÅDE I KYSTSONA.....	42
12.1	Konfliktområde i søndre del av kommunen.....	42
12.2	Konfliktområde i nordre del av kommunen.....	43
12.3	Konfliktområde i ytre del av kommunen.....	44

C. FRAMLEGG TIL PLAN.

Kap. 13.	FRAMLEGG TIL PLAN FOR SØNDRE, NORDRE OG YTRE DEL AV KOMMUNEN.....	47
13.1	Planlagt arealdisponering for søndre del av kommunen.....	48
13.2	Planlagt arealdisponering for nordre del av kommunen.....	50
13.3	Planlagt arealdisponering for ytre del av kommunen.....	52
14.	FØRESEGNER TIL PLANEN.....	54

15. VERKNADER AV PLANEN.....	55
15.1 Planstatus.....	55
15.2 Rettsverknader.....	55
15.3 Økonomiske konsekvensar.....	56
16. UTARBEIDING AV REGULERINGSPLANAR OG SIKRING AV PLANFORMÅL.....	57
16.1 Område bandlagt til spesialområde: Friluftsliv....	57
16.2 Område bandlagt til spesialområde: Naturvern.....	58
16.3 Område bandlagt til spesialområde: Kulturvern.....	59
17. PRIORITERTE ARBEIDSOPPGÅVER / HANDLINGSPROGRAM.....	60
LITTERATUR.....	63

KYSTSONEPLANPROSJEKTET BESTÅR AV FØLGJANDE DOKUMENT:

I. Planframlegg - tekstdel

II. Planframlegg - plankart (fast vedlegg til tekstdelen)

III. Temakart (M=1:20000)

- 1. Bosetting, regulerte område, kommunalteknikk, samferdsel m.v.
- 2. Fiske, akvakultur og ringverknader.
- 3. Friluftsliv, naturvern og kultur.
- 4. Botntopografi
- 5. Strandsoneklassifisering.

IV. Områdeskildringar (Sone 1+2+3)

V. Spesielle utgreiingar:

- Eigna område for oppdrett i sjøen i Selje kommune.
- Badeplasser i Selje.
Resultater fra spørreskjemaundersøkelse blant skoleelever.
- Hydrografiske og hydrokjemiske observasjonar i Selje, 1987-88.

→ Dette dokument er nr. I: Planframlegg - tekstdel
Dok. II: Plankart, følger som fast vedlegg
(Antall kartblad: 3stk)

Dei andre dokumenta kan tingast frå teknisk etat i kommunen

SAMANDRAG.

PLANFØRESETNADER.

Bakgrunn for planarbeidet.

Planleggjing av kystsona har vorte meir aktuelt etter som presset på sjø- og strandareala i kommuna har auka. Særleg i løpet av dei siste 6-7 åra har det skjedd ei markert endring i både type og omfang av bruken. Det er i særleg grad akvakulturnæringa som har vokse. Veksten har skapt behov for eigna lokalitetar og har enkelte stader kome i konflikt med anna utnytjing eller verneformål. For å møte dei nye oppgåvene og utfordringane vedtok Selje kommunestyre den 20.05.87 å setje igong planarbeid som er spesielt retta mot kystsona.

Formålet med kystsoneplanen.

Kystsoneplanen skal vere eit styringsreidskap for areal- og ressursutnyttjing innan området - sjøområda og dei sjønære landområda. Det er særleg lagt vekt på å finne eigna lokaliseringsstader for akvakultur og samordne evt. gjere prioriteringar mellom dei ulike interessane.

Planframlegget er eit første steg mot ei integrert planlegging av både land og sjøområda i kommunen.

Geografisk planavgrensing.

Kystsoneplanen femner om sjøarealet i kommuna innan grensane av fastsett hamnedistrikt. PBL er etter lovendring av 21.04.89 gjeldane for sjøområde ut til grunnlina uavhengig av hamnedistrikt. Eventuell utviding av plangrensene i sjø bør vurderast ved revisjon av planen.

Grensene på land femner om landareal så langt som det er registrert eit direkte samspel mellom arealbruk sjø - land. Kystsoneplanen må samordnast ved utforming av kommuneplanens arealdel for landområda.

Organisering av planarbeidet.

Planarbeidet har vore organisert i høve til PBL's §20-2. Selje formannskap har vore styringsgruppe. Ei prosjektgruppe utnemnt av for-

mannskapet med personar frå kommunale hovedutval o.a., har handsama spørsmål av fagleg karakter. Den faglege prosjektgruppa har fungert som eit rådgjevande organ for styringsgruppa. Gruppa har samstundes fungert som samla uttaleorgan vedrørende einskildsaker innan planområdet.

Deltakande sektorinteresser.

Planen femner om dei sektorinteressene som er aktuelle m.o.t. arealbruk innan planområdet. Det er i første rekkje:

- Fiske
- Akvakultur
- Naturvern
- Kulturvern
- Friluftsliv
- Forureining
- Samferdsel.

Det har særleg vore lagt vekt på å få betre styring med akvakultur som arealbrukar fordi denne interessa aukar mest i omfang og er eit næringsmessig innsatsområde i kommunen. Akvakultur båndlegg relativt store areal både på sjø og i strandsona og påverkar miljøet lokalt gjennom utslepp av næringssalt, kjemoterapeutika etc.

Naturgjevne rammevilkår og ressursgrunnlag.

Store delar av Selje kommune er sjøareal og sjøen er ein viktig ressurskilde både for næringsverksemd og friluftsliv. Selje ligg i eit av dei mest verharde strom i landet og store deler av sjøområda ligg svært utsett for vind og bølger. Dette er med på å redusere nytteverdien for ein del brukarinteresser. Eit anna særdrag ved Selje er dei innelukka pollane med tildels dårleg vassutskifting. Her er bruken meir intensiv og forurensningsbelastninga større enn i dei meir opne områda.

Strandsona er særleg utsett for etterspurnad når det gjeld arealbruk. Det er derfor viktig å få eit oversyn over strandsona som ressurs. Gjennom kystsonearbeidet er det gjennomført ei strandklassifisering som syner at strandområde av god kvalitet, dvs. strandtypar som er attraktive for mange interesser, er ein relativt begrensa ressurs. Mykje av stranda i kommunen er av ein slik kvalitet (bratt og lite tilgjengeleg) at den ikkje utan vidare eignar seg for bruk. Dette tilseier at ein bør vere meir varsom med kva ein disponerer strandområda

til, spesielt når det gjeld irreversible inngrep i strandområde av høy kvalitet.

Utgreiingar og plangrunnlag.

I samband med planarbeidet er det utført utgreiingar m.o.t. eignaheit for akvakultur, badeplassar i Selje og hydrografiske og hydrokjemiske observasjonar 1987-88 og tilhøva mellom friluftsliv og akvakultur. Desse utgreiingane ligg føre som eigne rapportar/notat (sjå litteraturoversyn bak i rapporten).

Det er utarbeid temakart som gjer eit oversyn over brukar- og verneinteresser i kommuna og delar av ressursgrunnlaget. Stadfesta informasjon på karta er supplert med meir detaljerte områdeskildringar som ligg føre som eigne arbeidsrapportar.

Planens kopling til lovverket.

Det er i første rekkje plan og bygningslova (PBL) som er lagt til grunn for planarbeidet. PBL gir reglar for kommunal planleggjing og heimler planleggjing i sjø.

Ei rekkje andre sektorlovar er sentrale for planarbeidet. Dette gjeld m.a. hamnelova, saltvannsfiskelova, oppdrettsova, forureiningslova, naturvernlova m.fl.

Planens forhold til LENKA - prosjektet.

LENKA står for "Landsomfattende egnethetsvurdering av den norske kystsonen for akvakultur" og er eit statleg prosjekt med hovedformål å utføre ei grovmaska eignaheitsundersøking for akvakultur. Resultata frå prosjektet skal m.a. leggjast til grunn ved tildeling av konsesjonar. Sjøområda er delt inn i sonar etter kor stor kapasitet desse har for akvakultur. I Selje er det i første rekkje terskelområde med begrensa vassutskiftning som set grensar for kapasiteten. Ein har teke omsyn til LENKAs vurderingar ved fastsetjing av område for akvakultur i planen. Resultata frå LENKA er samanstilte med resultata frå eignaheitsundersøkinga som er utført spesielt for dette planprosjektet.

MÅL OG PRINSIPP FOR AREALDISPONERINGA.
--

Mål for sektorane.

Det er sett opp enkle mål for dei einiskilde sektorane i kystsona. Måla går i hovudsak på at planen må sikre areal og levevilkår for dei ulike interessane ut frå visse føresetnader og kriterie.

Fleire av sektormåla er "kryssande" då mange interesser konkurrerer om dei same areala og dei same ressursane. Det må vere ei oppgåve i den vidare utviklinga av planen at det vert arbeidd med å formulere tverr-sektorielle mål for korleis verksemdene t.d. skal avvegast og prioriterast i høve til kvarandre.

Prinsipp for arealdisponeringa.

Det er utforma ein del enkle prinsipp for arealdisponeringa:

- Område som er dokumentert som særskilt eigna til akvakultur skal i størst mogeleg grad disponerast til dette formålet, men tilhøva til miljø og andre brukarinteresser må avvegast.
- Område som i hovudsak vert nytta til fleirbruksformål og spesielt fiske og ferdsel, må sikrast mot bandleggjing. Dette vil og vere eit passivt vern av område for evt. seinare disponering til t.d. havbruk dersom dette vert aktuelt.
- Fiskarlagets prioriteringar har vore bestemmande for disponering av areal til fiske og låssetjing. Det er lagt vekt på å sikre låssetjingsplassar med ei rimeleg god geografisk spreidning.
- Område som er vurdert som særleg viktige for det lokale og/eller det regionale friluftsliv er bandlagt for dette formål. Elles er det forsøkt tatt mest mogeleg omsyn til friluftsiinteressane ved disponering av areal til annan verksemd. Det er gjennomført ei registrering av badeplasser i Selje (eigen rapport ligg føre). Desse er ikkje aktivt sikra gjennom dette planframlegget.
- Naturområde med høg verneprioritet er bandlagt for dette formål. Det er elles forsøkt sett visse avstandskrav mellom område med dokumenterte naturverninteresser og andre interesser som kan få negativ verknad på desse.

- Bevaring av ressurgrunnlaget vert meir og meir viktig etter som presset på strand- og sjøareala aukar. Gjennom resipientundersøkingane og strandklassifiseringa har ein lagt eit grunnlag for å fastsetje nærmare retningslinjer for forvaltning av desse ressursane.
- Selje har mange område av kulturhistorisk verdi som bør bevarast. Område med dokumenterte kulturverdiar er bandlagt til dette formålet.
- Viktige hamneområde er sikra til dette formålet. Det er særleg peikt på behovet for ny hamn i samband med den planlagte Stadttunnelen.

Spesielle konfliktområde i kystsona.

Ein del område peikar seg ut og er særskilt vurdert m.o.t. konflikhtar. Desse områda er karakterisert ved at fleire brukarinteresser konkurrerar om lokalitetane eller bruk av resipienten. Det har vore naudsynt å gjere ei prioritering mellom desse interessane. Dei ulike vurderingar som ligg til grunn for prioriteringane er gjeven ein kort omtale.

FRAMLEGG TIL PLAN

Framlegg til plan for søndre, nordre og ytre del av kommuna.

Planområdet er delt inn i tre sonar eller delområde; søndre, nordre og ytre del. Areala i planområdet er disponert i høve til PBL § 20-4. Sjå vedlagte plankart (for kvar sone).

Føresegner til planen.

Planen skal ikkje ha rettsverknad for dei landområda som vert omfatta av planen (jfr. PBL § 20-4, andre ledd, bokstav h). Ein ønskjer førebels ikkje å binde opp arealbruken på land gjennom kystsonen planen før prosessen med kommuneplanens arealdel er komen lenger. Arealdisponering, føresegner etc. for landsida skal likevel vere retningsgjevande for kommunal handsaming av einskildsaker i områda.

Verknader av planen.

Planen har status som kommunedelplan og skal gjevast sakshandsaming i

samsvar med føresegnene i PBL § 20-5.

I høve til PBL § 20-6 skal arbeid og tiltak som nemnt i §§ 81,84,86a og 86b og 93 (tiltak som krev byggjetillatelse eller byggjemelding) ikkje vere i strid med arealbruk og føresegner i planen. Det same gjeld andre tiltak som kan vere til vesentleg ulempe for gjennomføringa av planen.

Utarbeiding av reguleringsplanar og sikring av planformål.

Område for friluftsliv, naturvern og kulturvern (bevaring)(PBL §20-4), må sikrast gjennom reguleringsplan eller med heimel i sektorlovane. Område som er lagt ut til "bandlagt område" er midlertidig verna. Rettsverknaden for desse områda er begrensa til 4 år (evt. forlenga til 6 år) frå planen vert godkjend (jfr. PBL § 20-6) og skal hindre at verdien av dei fastsette område og planformål ikkje vert forringa eller øydelagd. Det skal ikkje tillatast tiltak eller bruksendringar som ikkje er forenlege med planformålet.

Prioriterte arbeidsoppgåver/handlingsprogram.

Planen skal følgjast opp gjennom (ikkje i prioritert rekkjefølge):

- ansvarsfordeling og oppfølgjing innan sektorane
- koordinering med arealdelen i kommuneplanen og arealbruk sjø - land
- innarbeiding i kommuneplanens handlingsprogram og budsjett
- planrevisjon minst kvart 2. år
- vidare sikring av særskilte formål (midlertidig bandlagte område)
- avklaring av grunneigarspørsmål i samband med akvakulturområda
- nærare undersøkingar av terskelfjordane m.o.t. akvakultur
- oppfølgjing av prosjekt for utsetjing og gjenfangst av fisk
- fastsetjing av tverrsektorielle mål
- styrking av datagrunnlaget for einstilte sektorar
- utforme nærare retningsliner for forvaltning av strandsona
- oppdatere kunnskap om akvakultur for integrering ved planrevisjon
- utgreie korleis kommunen kan styrke infrastrukturen for akvakultur
- gjere plan- og grunnlagsmateriale kjent og tilgjengeleg for publikum.

A. PLANFØRESETNADER.

1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET.

Plan- og bygningslova (PBL) gjev kommunen rett til og heimel for å planlegge bruken av kystsona, sjøområda inkludert.

Planlegging av kystsona (sjøområda og dei sjønære landområda) har vorte meir aktuelt og naudsynt etter som presset på sjøareala i kommunen har auka. Særleg i løpet av dei siste 6-7 åra har det skjedd ei markert endring i både type og omfang av bruken. Det er først og framst den sterke veksten i akvakulturnæringa som har forårsaka denne situasjonen. Akvakultur er vokst fram til å bli ei viktig næring i kommunen og veksten vil truleg fortsetje. Næringa skaper ei rekkje positive ringverknader for næringslivet både lokalt og regionalt. Akvakulturen er og ein "problemskapar" dersom ikkje anlegga vert lokalisert med fornuft og av omsyn til miljøet og andre brukarinteresser. Anlegga legg beslag på store sjø- og landareal og påverkar resipientforholda gjennom utslepp av organisk stoff, næringsalter, kjemoterapeutika og evt. smittestoff.

Endringane frå tradisjonell "hausting" til "kultivering" fører difor til problem både i forhold til miljøet og i forhold til andre brukarinteresser. Dei mange konsesjonssøknadene viser klårt at interessa for satsing innen akvakultur framleis er stor og kommunen ønskjer å satse vidare på denne næringa.

For å møte dei nye oppgåvene og problema i kystsona, vedtok Selje kommunestyre den 20.05.87 å setje igong planarbeid som er spesielt retta mot desse områda. Dette planframlegget er eit resultat av det planarbeid som har vore gjennomført så langt.

2. FORMÅLET MED KYSTSONEPLANEN

Kystsoneplanlegginga i Selje har hatt følgjande generelle hovudformål:

- *Setje kystsona og dei spesifikke kystsoneproblema i fokus.*
- *Skape ei sterkare bevisstgjerung om kystsona som ressurs.*
- *Auke kunnskapen om forholda generelt i kystsona.*
- *Medverke til ei fornuftig og samordna ressursforvaltning.*
- *Førebyggje og dempe konflikhtar.*
- *Peike på og prioritere vidare oppgåver for planlegginga.*

Kystsoneplanen er meint å fungere som eit styringsreidskap for areal- og ressursutnyttjing innan planområdet. Gjennom planarbeidet har Selje kommune retta interessa sterkare mot dei aktuelle planoppgåver som er karakteristiske for sjøområda og dei sjønære landområda. Det planframlegget som ligg føre er ikkje meint å framstå som eit endeleg produkt av eit avslutta planarbeid, men meir markere starten på ein kontinuerleg planprosess der ein prøver å løyse problema stegvis og i prioritert rekkjefølge. Selje har i denne omgang valt å setje oppgåvene og problema m.o.t. arealdisponering for akvakultur og konfliktløysingar i høve til andre brukarinteresser i høgsetet.

Generelt har kunnskapen om forholda i kystsona vore mangelfull og lite systematisert. Gjennom kystsoneplanarbeidet har ein fått heva kunnskapsnivået og samanstilt ein del av den eksisterande informasjonen slik at den er betre tilpassa dei ulike formåla. Denne planen og det grunnlagsmateriale som ligg tilgrunn danner eit godt utgangspunkt for vidare planleggjing i kystsona i kommunen. Grunnlagsmateriale (temakart, områdeskiltringar, utgreiingar) vil vere til nytte også for sektoretatar, interessegrupper, skular, brukarar og det øvrige publikum.

Planarbeidet har vore utført i tråd med plan- og bygningslovas intensjonar om ei meir samordna og samla ressursforvaltning på tvers av sektorgrensene. Arbeidet har difor hovudsakleg vore "problemorientert" og retta mot geografiske område meir enn mot einskilde sektorar.

3. GEOGRAFISK PLANAVGRENSING

Kystsoneplanen omfattar heile sjøarealet i kommunen innafor grensene av fastsett hamnedistrikt som er oppretta i samsvar med føresegnene i Lov om havner og farvann m.v. (Hamnestyrets framlegg av 25.06.86, med justeringar).

Plan- og bygningslova er seinare endra (21.04.89) slik at Plan- og bygningslova ikkje lenger er avgrensa til hamnedistrikt, men gjeld ut til grunnlina. Dei opprinnelege plangrensene er ikkje endra då det ikkje er særleg behov for å styre arealbruken lenger ut frå land. Spørsmålet om endring av plangrensene i sjø, bør takast opp ved planrevisjon.

Grensene på land er trekt etter funksjonelle prinsipp, dvs. at dei i grove trekk femner om landareal så langt inn på land som det er registrert eit direkte samspel mellom arealbruken på sjø - land.

Plangrensene går fram av arealplankarta (sjå vedlegg).

4. ORGANISERING AV PLANARBEIDET

Organiseringa av planarbeidet er i samsvar med PBL's §20-2.

Kystsonoplanarbeidet har vore organisert som eit prosjekt med begrensa tids- og kostnadsramer. Selje formannskap har vore styringsgruppe for planarbeidet og hatt det overordna ansvaret for innhald og framdrift.

Formannskapet har i tillegg oppnemnt ei fagleg prosjektgruppe som har vore sett saman av følgjande personar:

- ordførar (Åge Starheim)
- hovudutval for kyrkje, skule og kultur (Marit Aulstad)
- hovedutval for miljø- og ressursvern (Knut Djupedal)
- teknisk hovudutval (Terje Nybakk)
- heradsagronomen (Kari Åshamar)
- representant for Selje Distriktfiskarlag (Isak Stave)
- fiskerisjefens kontor (Jan Arne Holm)
- fiskerisekretæren (Jan Petter Venøy)
- Norsk institutt for vannforskning (Jan Sørensen).

Prosjektgruppa har handsama spørsmål av planfagleg karakter og utforma framlegget til plan. Gruppa har samstundes fungert som samla uttaleorgan vedrørende handsaming av einskildsaker innan planområdet for å kunne sjå desse sakene i samband med planarbeidet.

Intensjonane i plan- og bygningslova om medverknad frå planmottakarane har vore søkt ivareteke på ulike vis. Innan dei begrensa prosjektramene har ein etter beste evne forsøkt å trekkje publikum og brukarar med gjennom:

- å informere om planen (informasjonsbrosjyre sendt til alle husstandar i kommunen)
- kunngjeringar og intervju i lokalpressa
- fast kontaktperson i kommuneadministrasjonen
- spørjeskjemaundersøking blant skuleelevar om bruk av badeplassar
- møte med oppdrettarar
- distriktsfiskarlagets medverknad i faggruppa.

5. DELTAKANDE SEKTORINTERESSER

5.1 DELTAKANDE SEKTORAR.

Planen femner om dei sektorinteressene som er aktuelle m.o.t. arealbruk innan planområdet. Tabell 5.1 syner dei interessene som er representerte i planen.

Tabell 5.1 Oversyn over deltakande sektorinteresser. Dei som er vurdert som mest sentrale i samband med kystzoneplanleggjinga er merka med .

SEKTORINTERESSE	SENTRAL I PLANARBEIDET
Landbruk	
Fiske	<input type="checkbox"/>
Akvakultur	<input type="checkbox"/>
Industri	
Bygg og anlegg	
Mineralutvinning	
Reiseliv	
Naturvern	<input type="checkbox"/>
Kulturvern	<input type="checkbox"/>
Friluftsliv	<input type="checkbox"/>
Bosetting	
Forureining	<input type="checkbox"/>
Samferdsel	<input type="checkbox"/>
Forsvaret	

5.2 AKVAKULTUR I FOKUS.

Det har særleg vore lagt vekt på å få betre styring med akvakultur som arealbrukar og "miljøpåverkar", samstundes som det har vore eit mål å kartleggje og sikre dei gode oppdrettsområda. Oppdrett stiller særlege krav til ressursgrunlaget. Sjølv om Selje har ei lang kystline og store sjøareal, er det likevel berre eit begrensa antal stader som er eigna for oppdrett. Dei to viktigste begrensande miljøfaktorane er høg eksponering (vind/bølgjer) og terskelområde (dårleg vassutskiftning). I framtida kan sjølvsagt også desse områda verte aktuelle dersom det vert utvikla anleggstypar som er tilpassa tilhøva og som kan gje lønsam produksjon.

Status for akvakulturnæringa.

Selje har idag 6 anlegg med konsesjon og 1 reetablert anlegg for laks og aure i drift. 3 av anlegga er på 12000m³, dei resterande på 8000m³ (mai -89). 3 av anlegga har godkjende reservelokalitetar. Det er 4 klekkeri/setjefiskanlegg for laks og aure i drift. Det er gjeve 4 konsesjonar for oppdrett av marin fisk (3 for torsk og 1 for kveite) og 2 skalldyrkonsesjonar. Rekner ein med 3 sysselsette i snitt pr. konsesjon får ein at akvakulturnæringa i Selje direkte kan sysselsetje 51 personar. Talet er i realiteten lågare då ingen av marinfisk-konsesjonane er komen i drift. I tillegg må ein rekne med fulltids- og deltidssysselsette i ringverknadsverksemdar som produserer utstyr til oppdrett eller som vidareforedlar råproduktet.

Det vart i 1988 registrert ei førstehandsomsetjing på 680 tonn laks og 7 tonn aure. Det vart ikkje registrert omsetjing av marin fisk eller skalldyr.

Trekk i utviklinga.

Som nemnt foran er akvakultur ei næring i vekst. Eksisterande anlegg utvidar. Det er behov for avlastings- og reservelokalitetar i tilfelle sjukdomsutbrudd eller andre hendingar som gjer det naudsynt å vurdere midlertidig flytting av anlegg. Interesse for å starte med oppdrett er høg og det ligg inne ei rekkje konsesjonssøknader til handsaming.

Samstundes har ikkje utviklinga vore like positiv når det gjeld marine artar. Ingen av dei eksisterande marinfisk-konsesjonane har kome skikkeleg igong. Ein del av desse konsesjonane vil truleg verte trekt tilbake når 2-års fristen for igongsetjing av drifta går ut. Det er vanskjeleg å spå om framtida m.o.t. omfanget av oppdrett og då spesielt oppdrett av marine fiskeslag. Det er også vanskjeleg å vite noko sikkert om kva for driftsformar som vil verte aktuelle.

Skjerpa konkurransel vil truleg gjere at mange vel enkle og velprøvde driftsformar, dvs. anlegg av merdtypen. Tendensane slik ein ser dei idag er at anlegga vert meir mobile og uavhengige av landfunksjonar og derfor kan lokaliserast eit stykke frå land utanfor eigedomsretten. Foreløpig vil dei fleste likevel velje å ha tilknytning til land. Interesse for landbaserte oppdrettsanlegg synast å vere aukande til tross for høge investeringskostnader. Det er konkrete planar om å etablere slike anlegg i Selje. Oppdrett av t.d. kveite, piggvar, steinbit etc. vil truleg best skje i lukka anlegg på land.

Når det gjeld oppdrett av skalldyr er interessa låg. Konkurransen om

markedet frå andre produsentland er stor og økonomien i næringa er for tida svak. Det vert truleg ikkje særleg vekst i næringa dei førstkomande åra. Selje har likevel område som er godt eigna for skalldyroppdrett som seinare kan få verdi.

Havbeiting og produksjon av yngel for utsetjing kan verte aktuelt. Selje har gode naturgjevne føresetnader for havbeiting. Pollane utgjer avgrensa einingar for utsetjing av "stasjonære" fiskeslag. Ein har døme på gode resultat frå andre stader, m.a. Austevoll i Hordaland. Det er ikkje konkrete planar om å setje igong med havbeiting i Selje, men ein bør likevel vere merksam på at dette kan verte ei viktig framtidig bruksform.

Det er for tida overproduksjon av setjefisk (laks/aure) og det vil truleg ikkje verte aktuelt med nyetableringar den nærmaste tida. Setjefisk er derfor ikkje aktivt handsama i kystsonenplanen m.o.t. eignahet, lokalisering m.v., men eksisterande anlegg inngår som ein "korrigerande" faktor for vidare arealdisponering/resipientbruk.

Bandleggjing av areal.

Akvakulturanlegga bandlegg store areal. Tabell 5.2 syner kor mykje sjøareal eit anlegg teoretisk legg band på.

Tabell 5.2 Arealbehovet for merdanlegg i sjø.

Anleggsstørrelse i m ³	Merdtype	Anlegget inkl. 20 m ferdselsforbudssone	Anlegget inkl. 100 m fiskeforbudssone
8000	10 X 10m	8.5 da	54.7 da
12000	10 X 10 m	11.8 da	66.3 da

Dei 7 matfiskanlegga for laks og aure som er i drift i Selje legg då teoretisk sett tilsaman band på ca. 70 da inkl. sona for ferdselsforbod og ca. 418 da inkl. fiskeforbudssona.

Akvakulturanlegga legg i tillegg band på landareal til driftsbygningar, veg, kai etc.

For setjefiskanlegg er det vanleg å rekne eit arealbehov på ca. 0.5 - 1.0 da pr. 100000 produsert setjefisk.

Akvakultur som miljøpåverkar.

Akvakultur påverkar og miljøet (ressursgrunnlaget). Lokalt kan utslepp av næringsalter og organisk materiale (forrestar og fesis) føre til auka forbruk av oksygen og forureining/belastning av resipienten. Utsleppsmengdene er rekna til 10.5 kg tot-P (fosfor) og 90.5 kg tot-N (nitrogen) pr. tonn produsert fisk. For Selje vil dette bety eit utslepp i 1988 på 7.2 tonn fosfor og 62.2 tonn nitrogen frå matfiskanlegga som er i drift. Dette tilsvarer ca. 6% av dei totale utslepp av fosfor og nitrogen frå akvakulturanlegga i fylket. I tillegg kjem utslepp frå klekkeri/setjefiskanlegga og skalldyranlegga.

Ser ein på heile fylket er tala for ulike utsleppskjelder (tabell 5.3):

Tabell 5.3 Utslepp av fosfor og nitrogen i Sogn og fjordane.
(Kjelde: NIVA v/Ibrekk, 1989).

Fiskeoppdrett	Jordbruk	Annet	Befolkning	Industri	SUM
tonn %	tonn %	tonn %	tonn %	tonn %	tonn
FOSFOR					
119 39	68 22	41 13	73 24	8 2	309
NITROGEN					
1024 22	2029 44	1090 24	450 10	28 1	4621

Tabellen syner at fiskeoppdrett totalt bidrar med 39% av dei totale utslepp av fosfor til sjøområda og 22% av nitrogenutsleppa innan fylket. Tala er truleg lågt estimert m.o.t. fiskeoppdrett då det er nyttja ein låg forfaktor (1.5) som grunnlag for berekningane. Desse tala viser at det er svært viktig å lokalisere akvakulturanlegga vekk frå område som allereie har problem med forureining frå næringsalt eller frå område der slike problem kan oppstå. Dette gjeld i første rekkje innelukka pollar og terskelområde med dårleg vassutskiftning (som det finst fleire av i Selje), område med tilrenning frå jordbruk og område med utslepp frå befolkning (tettbefolka område).

Nyere undersøkjingar (jfr. kap. 9) syner likevel at lokalisering av anlegg innan t.d. terskelfjordar kan skje utan at utsleppa får uheldige verknader på resipienten forutsett at anlegga vert lokalisert over

terskeldjupet og på stader med akkumulasjonsbotn (svak straum). Dette vil i mange tilfelle ikkje vere gode lokalitetar sett frå oppdrettets side.

Når det gjeld akvakultur og konflikter med andre interesser syner undersøkingar frå andre stader (m.a. Sunnhordland) at særleg friluftsgo og rekreasjonsinteresser, fiske, naturvern og samferdsel er "konkurransenutsette" i forhold til oppdrett, dvs. at desse interessene konkurrerer med oppdrett både om bruk av lokalitetar og ressursgrunnlag (resipient). Mykje tydar på at situasjonen er tilnærma lik også i Selje (jfr. temakarta).

6. NATURGJEVNE RAMMEVILKÅR OG RESSURSGRUNNLAG.

6.1 SJØOMRÅDA.

Store delar av Selje kommune er sjøområde som varierer frå ope kysthav til lukka terkskelfjordar som ligg skjerma for ver og vind. Generelt kan ein seie at kommunen har store og tildels lite utnyttta sjøareal, men grunna eksponeringa er berre ein del av dette arealet eigna for meir intensiv bruk.

Sjøområda er viktige gyte- og oppvekstområde for ulike fiskeslag. Dette gjeld særleg dei mest produktive gruntvassområda langs land.

Dei opne sjøområda vert for det meste nytta til fiske og ferdsel. Med dagens aktuelle driftsformer er det ikkje tilrådeleg å drive akvakultur i dei mest eksponerte områda, t.d. med ei strøklengd (open sjøstrekning) på over 15 km. Ved etablering av landbaserte anlegg vil problema med høg eksponering verte reduserte. Dei eksponerte områda kan likevel med tida verte verdifulle lokaliseringstader dersom det vert utvikla anleggstypar som toler påkjenningane og som ikkje har urimeleg høge investeringskostnader.

Terskelfjordane i Selje har begrensa vassutskiftning og tildels dårleg vasskvalitet i djupare skikt. Det er langs desse skjerma fjordane ein i hovudsak finn busetnad og næringsverksemd lokalisert. Dette fører m.a. til at forureiningsbelastninga (kloakk, utslepp frå landbruk og industri, akvakultur m.v.) er størst i dei områda som har lågast kapasitet for å ta imot dette. Det må derfor vere eit generelt mål å overføre meir av resipientbruken til område med god vassomsetning og høg kapasitet i framtida for å unngå at det oppstår lokale forureiningsproblem.

Naturgjevne tilhøve i sjøområda er nærmare skildra i utgreiinga: "Eigna område for oppdrett i sjøen i Selje kommune". Sjå dokumentoversyn foran i denne rapporten.

6.2 STRANDSONA.

Selje har ein lang og naturgeografisk vekslande strandsone. Det meste av arealutnyttinga går føre seg i strandbeltet eller dei strand- og sjønære landområda. Ein kan godt seie at strandområda representerer press-område m.o.t. til etterspurnad og bruk. Det er difor av interesse å få eit meir konkret oversyn over denne ressursen. Ein måte å gjere dette på er å klassifisere arealet etter bestemte kriterie og sjå kor mykje som finst av dei ulike typane.

I Selje kommune er det i samband med kystsoneplanarbeidet utført ei strandklassifisering etter ein metode utvikla ved Geografisk institutt ved Univ. i Bergen. Metoden tek utgangspunkt i dei krav som ulike fri-luftsaktivitetar set til strandarealet, men kan generaliserast til å gjelde dei fleste aktivitetar. Ved å registrere bratthet og ruhet (sand, blokkar, sva etc.) i strandsona og ved å kombinere desse variablane, kan ein få eit uttrykk for kor godt eigna sjølve stranda er for generell bruk og utnytjing. Ein kan seie at ei flat, lett tilgjengeleg strand med finkorna lausmateriale t.d. er av høgare kvalitet enn ei strand som består av bratte skrentar eller område med store blokkar, fordi den vil vere meir tilgjengeleg attraktiv for fleire bruksinteresser.

Ein har i denne planen primært nytta strandklassifiseringa som eit kunnskapsunderlag for arealdisponering og eignaheitsvurderingar. Strandklassifiseringa bør og kunne nyttjast som beslutningsunderlag for å fastsetje retningsliner for byggjeverksemd i strandsona. Dette bør vurderast nærare i samband med utarbeiding av kommuneplanens arealdel.

Ein har nytta følgjande klassar ved inndeling av strandområda i Selje:

1. Meget god tilgjengeleg strand (høg kvalitet).
2. Tilgjengeleg strand (middels kvalitet).
3. Vanskeleg tilgjengeleg strand (låg kvalitet).
4. Ikkje tilgjengeleg strand (låg kvalitet).
5. Antropogen strand (bebygd strand).

Antropogen eller bebygd strand er strandområde med samanhengande (utstrekning på meir enn 20m) bebyggelse eller strand som er sterkt omforma t.d. grunna fyllmassar frå veg- eller hamneutbygging e.l.

Klassifiseringa er berre gjort for søndre og nordre del av kommunen. Den ytre delen av Stadtlandet har for det meste "vanskeleg" og "ikkje tilgjengeleg" strand, men har innslag av sterkt avgrensa og skjerma sandstrender av høg kvalitet, t.d. i Ervik og Hoddevik.

Tabell 6.1

Resultat frå sone 1: Søndre del av kommunen (sjå soneinndeling, kap. 13).

STRANDKLASSAR	KM	PROSENTTAL
● Meget god tilgjengeleg strand	8.8	10.3
● Tilgjengeleg strand	23.3	27.3
● Vanskelig tilgjengeleg strand	35.0	40.9
● Ikkje tilgjengeleg strand	6.5	7.6
● Antropogen (bebygd) strand	11.9	13.9
Totalt	85.5	100.0

Tabell 6.2

Resultat frå sone 2: Nordre del av kommunen.

STRANDKLASSAR	KM	PROSENTTAL
● Meget god tilgjengeleg strand	7.2	15.9
● Tilgjengeleg strand	13.4	29.6
● Vanskeleg tilgjengeleg strand	14.3	31.7
● Ikkje tilgjengeleg strand	0.4	0.9
● Antropogen (bebygd) strand	9.9	21.9
Totalt	45.2	100.0

Av tabell 6.1 og 6.2 kan ein sjå at Selje (søndre og nordre del) har størst innslag av strandtypen "vanskeleg tilgjengeleg strand", dvs. ein strandtype som ikkje er av særleg høg kvalitet m.o.t. naturgjeven eignaheit for generelle bruksformål. Selje har og eit rimeleg bra innslag av "tilgjengeleg" strand som er strandareal som ikkje er for bratt eller ulendt til at den kan nyttjast utan høg grad av tilretteleggjing.

Berre 10.3% i sone 1 og 15.9% av stranda i sone 2 kan klassifiserast som "meget god tilgjengeleg strand". Denne strandtypen er som oftast særleg attraktiv for allmene interessar, t.d. friluftsliv/bading. Lett tilgjengelege strandområde er t.d. attraktive for plassering av hytter/naust/opplagsplassar for båtar etc. Det er gjerne knytta natur-

verninteresser til desse områda (våtmarksområde, havstrand). Dei er generelt meir sårbare for inngrep.

Kun ein liten del av strandsona i Selje er klassifisert som "ikkje tilgjengeleg". Mange vil truleg meine at Selje har meir utilgjengelege strandområde. Resultatet i denne undersøkjinga skyldast m.a. at dei ytre og brattaste delane av kommunen ikkje er tekne med og at klassifiseringa berre gjeld den delen av stranda som ligg nærast sjøen (ca. 10-20m inn på land). Sjølve strandsona er mange stader tilgjengeleg frå sjøen, men ikkje frå land. Ein god del av strandområda i Selje er utforma slik at strandarealet er av sterkt begrensa storleik og berre dannar ei smal stripe mellom sjø og fjell.

Strandklassifiseringa framgår av temakart nr. 5 som kan tingast frå kommunen.



Fig. 6.1 Utsyn mot Moldefjorden, Barmsund og Barmen.

7. UTGREIINGAR OG PLANGRUNNLAG

Utgreiingar.

Utgreiingar som er utført i samband med planarbeidet ligg føre som egne rapportar/notat eller er presentert på kart. Utgreiingane har danna grunnlagsmateriale for planlegginga. Føljande rapportar/notat finst:

- *Badeplassar i Selje.
Resultat fra ei spørjeskjemaundersøking blant skuleelevar.*
- *Eigna område for oppdrett i sjøen i Selje kommune.*
- *Hydrografiske og hydrokjemiske observasjonar i Selje 1987-1988.*

Utgreiingane kan tingast/kjøpast frå teknisk etat.

Temakart.

Det er utarbeidd temakart for planområdet (M=1:20 000). Karta viser eksisterande og planlagt bruk og eignaheit/ressursar. Registreringane er samla under følgjande hovudtema:

- I. *Busetnad, samferdsle, regulerte område og kommunalteknikk.*
- II. *Fiske, akvakultur og ringverknader.*
- III. *Fritid, kultur og naturvern.*
- IV. *Botntopografi.*
- V. *Strandklassifisering.*
- (VI. *Eksponeringsgrad - forsøkskart*)

Temakarta er forsynt med eit rutenett med referansekodar. Referansane viser til områdebeskrivelser (tekstvedlegg) som gjev utfyllande informasjon om dei ulike interessene/områda som er vist på karta.

Temakart/områdebeskrivelser er nytta som grunnlagsmateriale for planutforminga. Karta/beskrivelsene kan tingast frå teknisk etat i kommunen.

Soneinndeling.

Planframstillinga er av praktiske årsakar delt i 3 geografiske soner for å få eit betre handterleg format og for å gjere det enklare å orientere seg i grunnlagsmaterialet. Sonene gjeld:

1. *Søndre del av kommunen.*
2. *Nordre del av kommunen.*
3. *Ytre del av kommunen.*

Arealplankart.

Arealplanen er framstilt på same kartgrunnlag (ØK 1:20000) som tema-karta. Arealdisponeringa er vist med arealavgrensinger (heiltrukken strek) med ein bokstavkode som symboliserar planlagt bruksformål. Plankartet inneheld også informasjon om eit utval eksisterande arealbruk. Skilnaden mellom eksisterande og framtidig arealbruk går fram av kartsymbola med unnatak av verneområde der ein for å forenkle bruker same symbol for område som høvesvis er/skal bandleggjast til verneformål iflg. PBL § 20-4, første ledd, nr. 4.

Arealplankarta er vedlagt denne tekstdelen.

8. PLANENS KOPLING TIL LOVVERKET

Planen er heimla i plan- og bygningslova, men også fleire andre lover ligg til grunn. Dei følgjande delkapitla gjev ein kort omtale av dei viktigaste lovene som har gjeve rammer for planarbeidet.

8.1 PLAN- OG BYGNINGSLOVA.

Plan- og bygningslova (PBL) gir reglar for kommunal planleggjing. Etter lovendring av 21.04.89 er lova no gjeldane for kommunens sjøareal ut til grunnlina, medan lova tidlegare var avgrensa til havnedistrikt oppretta i medhald av hamnelova.

Følgjande arealkategoriar er nytta i planen i høve til § 20-4:

1. *Byggjeområde.*
2. *Landbruks-, natur-, og friluftsområde.*
3. *Område for råstoffutvinning.*
4. *Område som er bandlagt eller skal bandleggast og område for forsvaret.*
5. *Område for særskilt bruk eller vern av sjø og vassdrag, herunder ferdsel-, fiske-, akvakultur-, natur- og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon med ein eller fleire av dei nemde brukskategoriane.*
6. *Viktige ledd i kommunikasjonssystemet.*

I følgje lova kan det gjevast utfyllande føresegner til arealplanen, sjå PBL § 20-4, annet ledd. Opplistinga av føresegner er uttømmende. Ingen av føresegnene er direkte anvendbare for sjøområda.

PBL inneheld eit generelt forbod mot byggjeverksemd i 100 m beltet langs sjøen (med visse unntak). Dersom det er gjeve nærare føresegner om byggjing i henhald til § 20-4, er byggjeforbodet automatisk oppheva.

8.2 HAMNELOVA.

Kommunestyret kan fastsetje nærare føresegner om bruk av hamnedistrikt som må godkjennast av Fiskeridepartementet. T.d. kan det gjevast reglar for bruk av låssetjingsplassar, dumpingplassar m.v. og reglar for begrensning av båttrafikk i nærleiken av verneområde etc.

Bruk av kommunale føresegner er ikke konkret vurdert i samband med kystsoneplanen.

8.3 SALTVANNSFISKELOVA.

Saltvannsfiskeleva (§ 27) gir heimel for Kongen til å gje forskrifter om annan aktivitet enn fiske for å verne om naturlege og kultiverte fiskeressursar.

Iflg. Ot.prp. nr. 51, Om endringar i lovverket, skal det imidlertid ikkje vere adgang til å vedta forskrift etter § 27 i Saltvannsfiskeleva dersom dette er i strid med bindane plan med mindre planstyresmaktene samtykker. Dette inneber at PBL har "forkjørsrett" i høve til særlova.

§ 28 i lova gir reglar om fiske og ferdsel nær oppdrettsanlegg - og dette er tatt omsyn til i kystsoneplanen. Etter lova er det forbode å ferdast nærare eit oppdrettsanlegg enn 20 m og fiske nærare enn 100 m. "Kaste- og låssettingsplassar" vert i dette tilfelle rekna som "ferdsel" med omsyn til avstandskrava.

8.4 OPPDRETTSLOVA.

Oppdrettslova gir reglar for godkjenning av visse lokalitetar til oppdrett av fisk, skalldyr m.v. Etter § 5, ufråvikelege vilkår, skal plasseringa av anlegget ikkje godkjennast dersom det vil:

- a. valde fare for utbreiing av sjukdom på fisk eller skalldyr*
- b. valde fare for forureining*
- c. ha ei klårt uheldig plassering i høve til det omkringliggjande miljø eller lovleg ferdsel eller annan utnytting av området.*

Kommunen vurderer oppdrettskonsesjonar i høve til sin arealbruk og evt. planar, medan Fiskerisjefen er avgjerande styresmakt i saker vedrørende oppdrettskonsesjonar. Godkjend plan etter PBL bør kunne lette sakshandsaminga på dette feltet. Kommunen får betre høve til å sjå arealbruken i samanheng, noko som elles i liten grad er mogelig frå sak til sak. Kystsoneplanen syner område som er prioritert til oppdrett der arealkonfliktar m.v. er avklara.

8.5 FORUREININGSLOVA.

Forureiningsstyresmaktene skal samordne si verksemd med dei lokale planmyndigheitene for å unngå og begrense forureining. § 11 i lova seier at dersom omsøkt verksemd vil vere i strid med endeleg plan

etter plan- og bygningslova, skal forureiningsstyresmaktene berre gi løyve etter forureiningslova med samtykke frå kommunen. Dette gjer at t.d. kystzoneplanen vil vere avgjerende for all verksemd som krev løyve etter forureiningslova i dei områda som omfattast av planen. Løyve må likevel gjevast for kvar enkelt sak.

Forureiningsmessige tilhøve er vurdert i planen, m.a. i arealdisponeringa for akvakultur. Område for akvakultur er søkt lokalisert til område kor dei ikkje vil føre til stor auke i forureining.

8.6 LOV OM TILTAK MOT SJUKDOMMAR HOS FERSKVANNSFISK.

Veterinærstyresmakten kan ved etablering av fiskeoppdrettsanlegg setje vilkår utforming av anlegget, minsteavstand til andre anlegg osv. For tida vert det praktisert ein regel om at det minimum skal vere 1 km avstand mellom oppdrettskonsesjonar i sjøen. Same regel gjeld også for marine fiskeslag (vil truleg verte innarbeidd ved lovendring).

Kravet om avstand mellom oppdrettsanlegg er teke omsyn til ved arealdisponeringa i planen.

8.7 LOV OM FRILUFTSLIVET.

Friluftslova lovfester allmenhetens rett til ferdsel m.v. på annan manns grunn.

Kystområda er av stor betydning for friluftslivet. Den raske utviklinga innan akvakulturnæringa er døme på sektortiltak som får konsekvensar for allmenhetens høve til å drive friluftsliv i strandområda.

Allmenhetens tilkomst til strandområda er teke vare på gjennom byggeforbodet i 100 m beltet langs sjøen og vassdraga fastsett i plan- og bygningslova.

8.8 LOV OM NATURVERN.

Naturvernlova gjev rammer for forvaltning av naturgrunnlaget og den har m.a. eigne føresegner for vern av spesielle naturområde og naturførekomster i form av nasjonalparkar, landskapsvernområde, naturreservat og naturminne.

Sterke naturverninteresser er knytt til strandsona. Samstundes er strandområda utsett for eit høgt utbyggingspress. På same måte som for

friluftslivet er byggjeforbodet fastsett i plan- og bygningslova med på å sikre dei "mjuke" interessene mot utbygging.

Særleg verdfulle naturområde er bandlagt gjennom kystsoneplanen (arealdelen) med krav om sikring gjennom naturvernlova (evt. gjennom krav om reguleringsplan).

8.9 LOV OM KULTURMINNE.

Lovas formål er å verne og ta vare på våre kulturminne. Faste fornminne er automatisk verna etter lova. Det er og høve til å verne eit område kring fornminnet, elles gjeld ein sikringsone på 5 m.

Loven gir høve til å frede kulturminne frå nyare tid (etter 1537). Det er og høve til å frede område kring kulturminne for t.d. å sikre verdien av kulturminne i landskapet. Skipsvrak kan verte rekna som kulturminne.

I kystsoneplanen er det særleg lagt vekt på å sikre verneverdige "miljø" mot inngrep. Selje kommune har ei rekkje interessante område som bør sikrast. Å skaffe fram eit betre datagrunnlag om kulturminna, og spesielt dei som er knytta til sjøbruksmiljøet i kommunen, bør vere ei prioritert oppgåve i oppfølgjinga av planen.

9. PLANENS FORHOLD TIL LENKA - PROSJEKTET

Gjennom LENKA-prosjektet (Landsomfattende egnethetsundersøkelse av den norske kystsona for akvakultur), er det m.a. gjennomført ei grovmaske eignaheitsundersøking for akvakultur der det for Selje mellom anna er nytta data frå kystsoneplanarbeidet. Sjøområda er på grunnlag av desse undersøkingane delt inn i soner etter kor stor kapasitet dei har for oppdrett. Kapasiteten er eit uttrykk for kor stor organisk belastning området toler.

"A-områda" er ope område med høg kapasitet for oppdrett. "B-områda" har noko mindre kapasitet p.g.a. begrenset resipientstørrelse, djupne og tersklar, medan "C-områda" har lågast kapasitet (mindre terskel-fjordar og gruntvannsområde). Kapasitetsberekninga tek utgangspunkt i naturgjevne tilhøve. Kapasiteten vil verte redusert dersom det er andre utsleppskjelder av organisk materiale i området, t.d. bebyggelse, landbruk eller industri.

I Selje er følgjande område klassifisert som "C-område":

- Sørpollen
- Moldefjorden
- Hovsundet v/Selje
- Honningsvågen
- Kjødepollen.

Desse områda er klassifisert som "B-område":

- Nordpollen
- Barmsund
- Hoddevika
- Ervika.

Resten av sjøområda i Selje er "A-område".

Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane har i samråd med Miljøvernavingdelinga utarbeidd retningsliner for undersøkingar i samband med oppdretts-søknader. Det krevst grundigare dokumentasjon av forholda innom "C-områda" enn for dei andre områda. Styresmaktene vil vere meir restriktive med å gje konsesjon i slike område ut frå forureiningslova. Truleg vil det ikkje bli gjeve konsesjon til nyetableringar eller utvidingar innan område som allereide viser seg å ha "brukt opp" kapasiteten.

Resultata frå LENKA er teke omsyn til i kystsoneplanen ved disponeringa av område til akvakultur. Ein har søkt å unngå C-område m.o.t.

framtidig disponering til akvakultur i Selje. Dei fleste akvakulturlokalitetane ligg innan B-område. A-områda vert i dei fleste tilfelle for eksponerte med dagens aktuelle driftsformar.

Oppdrett i terskelfjordar.

Fiskeridirektoratets Havforskningsinstitutt har gjennomført ei vitskapeleg gransking av organisk belastning frå oppdrett i terskelfjordar basert på undersøkingar i Møre og Romsdal. Resultata viser at oppdrett i terskelfjordar truleg belastar miljøet mindre enn det ein hittil har trudd. Resultata kan få verknader for handsaming av oppdrettssøknader i høve til LENKA-sonene.

Undersøkingane viser at dersom oppdrettsanlegga vert plassert over sedimentasjonsbotn (område med låg straumhastighet) og ikkje djupare enn ca. 5-10m under terskeldjupet, vil organisk avfall frå anlegget ikkje belaste bassengvatnet (djupvatnet). Avfallet blir tildels liggjande i ro under merdene eller vert transportert ut av fjorden av intermediære vassutskiftningar. Anleggsplasseringa må også vere slik at akkumulert avfall ikkje kan skli på skrånande botn ned mot djupet.

Oppdrett i akkumulasjonsområde med dårleg vassutskiftning vil i mange høve ikkje vere ei god lokalisering sett ut frå miljøkrava som fisken set. Anleggslokalisering i gruntområde vil også kunne kome i konflikt med t.d. verneinteresser (våtmarksområde, gyteområde etc.).

Kjødepollen er konkret vurdert i undersøkinga. Resultata viser at fjorden berre er ubetydeleg påverka av menneskeleg aktivitet m.o.t. tilførsel av næringssalt og organisk stoff. Oppdrettsanlegg vil ved riktig plassering ikkje belaste bassengvatnet i særleg grad.

Dersom resultata frå desse undersøkingane fører til ei lemping m.o.t. lokalisering av akvakultur i terskelområde, bør ein sjå nærare på lokaliseringstilhøva i terskelfjordane i Selje og peike ut lokalitetar som er eigna ut frå særskilte lokaliseringskriterier. Nærare lokaliseringskriterier er under utarbeiding.

B. MÅL OG PRINSIPP FOR AREALDISPONERINGA.

10. MÅL FOR SEKTORANE

Det er sett opp mål for dei einskilde sektorane i kystsona. Arbeidet med "tverrsektorielle" målformuleringar er ikkje dreve særleg langt innan prosjektet. Sidan planleggjing i sjøområda er i startfasen, synest tida enno ikkje mogen for å definere klare samordna mål for korleis kommunen bør forvalte kystsona i framtida. Ein bør imidlertid arbeide vidare med å fastsetje samordna mål for utviklinga i kystsona i fortsetjinga av planprosessen.

Dei måla som vert presenterte i høve til sektorane er tildels motstridande - noko som teikner eit typisk bilete av situasjonen i kystsona. Mange ulike interesser konkurrerar om utnytting av dei same ressursane. Det vil t.d. ikkje vere mogeleg å leggje opp til ei sterk utvikling innan akvakultursektoren utan at dette vil få konsekvensar for m.a. friluftsliv, verneverdige naturområde, sjøfuglområde etc. Målet vil då vere å leggje forholda tilrette slik at eventuelle skadeverknader vert redusert mest mogeleg.

10.1 AKVAKULTUR.

Det er eit mål å oppretthalde og vidareutvikle oppdrettsnæringa i Selje. Gode lokalitetar må sikrast. Einskildlokalitetar må vurderast som delar av eit heilskapleg lokaliseringmønster slik at ein får ei mest mogeleg optimal utnytting av ressursane. Eignaheitsundersøkingane skal leggjast til grunn for disponeringa av lokalitetar til oppdrettsformål.

10.2 FISKE.

Det er eit mål å oppretthalde aktivitetane knytt til kyst- og fjordfisket. Gode fiskeplassar og viktige gyte- og oppvekstområde for fisk må forvaltast på ein måte som tek vare på produksjonsgrunnlaget slik at dette ikkje går tapt eller vert sterkt forringa. Dei viktigaste områda må framgå av planen. Det må sikrast eit rimeleg antall låssetingsplassar på stader som er særleg godt eigna/prioritert for slike formål, både med tanke på behova i dag og i framtida.

10.3 FRILUFTSLIV.

Areal for friluftsliv av lokal og regional verdi må sikrast. Det er særleg viktig å ta vare på badeplassar i nærleiken av befolkningskonstrasjonane og plassar som er klassifisert som mykje brukt/viktige i

den undersøkjinga som er gjennomført i kommunen. Båtutfarts-/tur- og ferdselsområde for allmen bruk må sikrast mot utbyggjing. Det er også eit mål å sikre areal for båtutfart og bading m.v. i samband med den planlagte Stattunnelen.

10.4 NATURVERN.

Det er eit mål å ta vare på naturen som livsmiljø og opphaldstad for menneske, dyr og planter gjennom bruk og vern av naturressursane. Areal med særlege kvalitetar av regional eller lokal verdi må sikrast for ettertida. Naturvern inneber også ei fornuftig forvaltning av ressursane på ein måte som ikkje overbelastar miljøet og øydelegg produksjonsgrunnlaget.

10.5 KULTURVERN.

Kulturminne må takast vare på i sitt opprinnelege miljø. Det er vidare eit mål å ta vare på heilskapen og dei karakteristiske særdraga i kulturlandskapet og kystkulturen. Område som er registrert som særleg viktige i kulturminnesamanheng må sikrast gjennom planen. Det er vidare eit mål å framskaffe eit betre registreringsgrunnlag for dokumentasjon av dei verdiar som ligg i kulturminna.

10.6 SAMFERDSEL.

Måla for denne sektoren er å sikre nødvendig areal for nytte- og fritidsbåttrafikk på sjøen. Oppmerka og mykje brukte leider må haldasat mest mogeleg fri for annan verksemd som kan vere til hinder. Nødvendig hamneareal må sikrast og tilstrekkeleg areal i samband med gjennomføringa av Stattunnelen må sikrast på kvar side av tunnelen.

10.7 RESIPIENTBRUK.

Sjøen vil fungere som resipient for kommunale avløp og andre utslepp. Belastninga må imidlertid ikkje overskride sjøområdetets bæreevne og ikkje vere større enn at allmene- og næringsmessige brukarinteresser kan oppretthaldast som idag. Belastande og forureinande aktivitet bør i størst mogeleg grad leggjast til område med gunstige vassutskiftingsforhold.

11. PRINSIPP FOR AREALDISPONERINGA.

Dei overordna planmåla og sektormåla har danna grunnlag for oppsett av prinsipp for arealdisponeringa i planen.

Dei mest intensivt brukte delane av kommunen er planlagt meir detaljert. Det inneber at relativt mykje av arealet i søndre deler og i Vanylvsfjorden/Kjødepollen er disponert til særskilte formål enn t.d. ytre delar av Stadtlandet kor ein i større grad har nytta fleirbrukskategorien "fiske og ferdsel" på sjøen. Det er og i dei "sentrale" delane av kommunen at ein finn skjerma og eigna område for akvakultur og kor det vil vere mest fare for konflikhtar.

11.1 PRINSIPP FOR DISPONERING AV OMRÅDE TIL AKVAKULTUR.

- Areal som er særleg eigna til akvakulturformål skal i størst mogeleg grad disponerast til dette formålet (jfr. eigen rapport om eigna område for oppdrett i sjøen i Selje). Akvakultur skal lokaliserast til område og på lokalitetar som har tilstrekkeleg kapasitet m.o.t. areal og resipienttilhøve. Ein har i den samanhang nytta eigne kapasitetsundersøkingar og LENKA-data som grunnlag. Ein har ikkje sett av område for akvakultur der det vil vere fare for overbelastning av resipienten eller forureining som vil vere til stor skade for andre brukarinteresser. Dei områda som er peikt ut i planen tilfredsstillar lokaliseringskrava som oppdrett set, samstundes som omsynet til miljøet og andre brukarinteresser er vurdert.
- Ein ser det som viktig at dei områda som skal disponerast til akvakultur verkeleg eignar seg til dette ut frå omsynet til dei som eventuelt ønskjer å søkje om konsesjon. Utpeiking av akvakulturområde i planen vil truleg verte oppfatta som ein invitasjon til å søkje om konsesjon på nettopp desse stadene. Søkjarar bør kunne rekne med at desse plassane er eigna og gjevne ei viss "klarering" i høve til konsesjonshandsaminga.
- Akvakulturområda er peikte ut i samråd med Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane som har vore representert i den faglege prosjektgruppa.
- Det er teke omsyn til at det skal vere minst 1 km mellom lokalitetane for å redusere faren for sjukdomssmitte. Dei områda som skal disponerast til akvakultur i følgje planen er i tråd med avstandskrava.
- Akvakultur vil truleg verte meir variert både m.o.t. driftsformar og oppdrettsartar. Ut i frå dei utviklingstrekka ein ser idag vil oppdrett etter kvart bli dreve i meir eksponerte område ut frå land. Sam-

stundes vil landbaserte anlegg verte meir aktuelle, evt. lukka/neddykka anlegg i sjøen. Selje har fleire fjordar/pollar som kan eigne seg for yngelproduksjon for utsetjing av yngel for styrking av lokale fiskestammar og havbeiting. Dette gjeld særleg Moldefjorden, Flisterpollen og Sørpollen. Sidan utviklinga innan dette feltet er usikker vil ein ikkje gå inn for å bandleggje areal (t.d. landareal) for evt. nye typar oppdrett (med unnatak for område der det er registrert konkrete planar). Nye lokaliseringsstader som med tida vert aktuelle for akvakultur må takast inn i planen når planen vert revidert. Då endringane og utviklinga innan akvakultur skjer raskt, er det ei klår føresetnad at planen vert revidert med jamne mellomrom.

- Det er teke omsyn til registrert interesse for akvakultur og område kor det allereide er søkt om konsesjon er tillagt særleg vekt ved disponering av areal. Ein førutset derfor at grunneigarsspørsmål langt på veg er løyste i dei områda som er avsett til akvakultur i planen.
- Område innan kommunen med særleg trong for arbeidsplassar for å sikre lokal busetnad skal gjevast prioritet m.o.t. disponering av areal til akvakulturverksemd. Dette gjeld m.a. Barmen kor det også er registrert høg interesse for akvakultur.




Fig. 11.1 Barmen og Barmsundet. Sjøområda kring Barmen er høgt prioriterte i planen m.o.t. oppdrett.

11.2 PRINSIPP FOR DISPONERING AV OMRÅDE TIL FISKE OG FERDSEL (FLEIRBRUK).

- Fleirbrukskategorien (fiske og ferdsel) som er nytta for store deler av sjøområda og dei sjønære landområda er meint å skulle sikre areala mot annan utbyggjing og bandleggjing som kan vere til hinder for allmen bruk og ambulerande næringsverksemd som t.d. fiske.
- Utleggjing til fleirbruk vil også vere eit passivt vern av desse områda for evt. framtidig disponering til akvakulturverksemd dersom det vert aktuelt. Ein restriktiv byggjepolitikk i strandsona er likeledes med på å hindre at område som kan verte viktige i framtida (t.d. for landbasert akvakultur) vert bandlagt. Område på land som eventuelt skal ha dispensasjon frå byggjeforbodet må utgreiast nærare gjennom kommuneplanens arealdel.

11.3 PRINSIPP FOR DISPONERING AV OMRÅDE TIL FISKE OG LÅSSETJING.

- M.o.t. fiskeplassar og kaste- og låssettingsplassar er det i størst mogeleg grad teke omsyn til fiskarlagets prioriteringar. Det er lagt vekt på å sikre låssettingsplassar med ei rimeleg god geografisk spreidning.
- Gyte- og oppvekstområda for fisk fell i store trekk saman med dei områda som er avsett til fiske. Det vil truleg ikkje vere nokon konflikt mellom desse formåla. Kategorien "fiske" burde gje eit tilstrekkeleg vern av gyteplassar o.l. mot skadelege inngrep.

11.4 PRINSIPP FOR DISPONERING AV OMRÅDE TIL FRILUFTSLIV.

- Friluftsområde (på sjø/i strandsona) som er vurdert som særleg viktige for det lokale/regionale friluftsliv er mellombels bandlagte for seinare sikring/regulering. Einskilde badeplassar er ikkje vist i planen, men går fram av ei eiga utgreiing m/ kartvedlegg.
- Forventa auke i fritids-/småbåttrafikk gjennom kommunen og særleg Moldefjorden og Kjødepollen dersom Stadttunnelen vert bygd, aukar behovet for friluftsområde og mogelegheit for ilandstigning. Dette gjer at ein m.a. fortsatt ønskjer å halde indre delar av Kjødepollen mest mogeleg fri for annan bruk som kan kome i konflikt med ferdselen og at særleg godt eigna område vert sikra til friluftsområde.

- Ein har søkt å halde utbyggjingsinteresser som t.d. oppdrettsanlegg vekk frå stader av allmen interesse for ferdsel og friluftsliv.

11.5 PRINSIPP FOR DISPONERING AV OMRÅDE FOR NATURVERN OG VERN AV RESSURSGRUNNLAGET.

- Område med høg prioritet for naturvern (registrert i EDNA) er gjevne mellombels vern gjennom bandleggjing for seinare sikring/regulering.
- Ved disponering til akvakulturområde har ein forsøkt å ta omsyn til registrerte sjøfuglområde og andre naturverdiar gjennom å halde ei viss avstand mellom interressane.
- Ved å begrense arealet til akvakulturverksemd i område med liten resipientkapasitet, vil ein indirekte bidra til å verne ressursgrunnlaget slik at det ikkje vert overbelasta.
- Strandsona er ei av dei viktigaste ressursar Selje har. Det er utført ei klassifisering av strandområda i kommunen. Klassifiseringa er i planen nytta som bakgrunnsinformasjon for arealdisponeringa. Kommunen bør sjå nærmare på strandressursane og bruks- og verneverdiar knytta til dei ulike strandområda og evt. fastsetje nærmare retningsliner for korleis dei ulike strandtypane bør forvaltast.

11.6 PRINSIPP FOR DISPONERING AV OMRÅDE TIL KULTURVERN.

- Selje kommune har fleire område av kulturhistorisk verdi som er med på å gje kommunen ein identitet og eit særpreg som det er verdt å ta vare på. Kulturverdiane er og eit aktivum for Selje i samband med reiselivsnæringa.
- Registreringar og verdievalueringar er mangelfulle m.o.t. kulturminne. Det bør derfor arbeidast vidare med å frambringe eit betre informasjonsgrunnlag som bør leggjast til grunn ved seinare planrevisjonar.
- Område med særlege kulturhistoriske verneverdiar er midlertidig bandlagte til føremålet kulturvern med krav om vidare sikring gjennom reguleringsplan eller sikring med heimel i Lov om kulturminner.

11.7 PRINSIPP FOR DISPONERING AV OMRÅDE TIL FERDSEL OG HAMNEFORMÅL.

- Ferdsl på sjøen vert ivareteke gjennom fleirbrukskategorien "fiske og ferdsel". Hamneområde er vurdert i planen og det er særleg peikt på behovet for fiskerihamn/hamn i samband med den påtenkte Stadttunnelen.

12. SPESIELLE KONFLIKTOMRÅDE I KYSTSONA.

Med konfliktområde meiner ein i denne samanheng område der fleire brukarinteresser har tatt eller evt. ønskjer å ta ibruk det same arealet/den same ressursen. Planen har som formål så langt det er mogeleg å samordne interessane eller evt. prioritere mellom dei der dette er naudsynt eller ønskjeleg.

I mange område er arealsituasjon/interessesetnader allereide avklåra anten ved at interessane har blitt einige om ei fördeling av arealet i høve til visse uskrevne reglar for bruk/evt. lovfesta regler eller forskrifter eller kor den "sterkaste" interessen har vunne fram.

I det følgjande vert det gjeve ei kort skildring av spesielle område i kystsona der ein har registrert konflikthar mellom brukarinteresser som har krevd ei særleg grundig avvegning før vedtak i styringsgruppa.

12.1 KONFLIKTOMRÅDE I SØNDRE DEL AV KOMMUNEN.

Flisterpollen.

Flisterpollen er høgt prioritert av fiskeriinteressene med m.a. ein særleg viktig låssetjingsplass i Haggarsvika. Samstundes er pollen attraktiv for lokalisering av akvakulturanlegg der Haggarsvika peiker seg ut som ein av dei beste plassane.

Det er mangel på gode låssetjingsplassar i området. Vikane på nordsida av Venøy var tidlegare ein av dei mest nytta låssetjingsplassane i området, men er no bandlagt av oppdrettsverksemd.

Planlagt arealdisponering i Flisterpollen tek særleg omsyn til dei tradisjonelle fiskeriinteressane. Konflikthane i Haggarsvika er forsøkt løyst ved ei deling av arealet mellom låssetjing i indre del av vika og akvakultur i den ytre (nordre) delen og rundt Sandvikneset. Arealdisponeringa er i samsvar med Distriktsfiskarlagets tilråding.

Generelt er ikkje "samlokalisering" av låssetjing/akvakultur særleg fornuftig med tanke på fare for sjukdomssmitte, ulukker m.v. som kan skape verkelege konfliktsituasjonar. Området i Haggarsvika er likevel av ein storleik og kvalitet m.o.t. vassutskiftning at dette burde redusera sjansene for at det skal oppstå problem.

Venøy.

Venøy og spesielt området i og omkring Kåsavika vert brukt av ei rekkje ulike brukarinteresser. Området vert m.a. nytta til friluftsføremål, ankring og låssetjing. Landarealet vert for ein stor del nytta til landbruksføremål (beiteområde). Området er og viktig m.o.t. reiselivsnæringa (utleigehytter m.v.). På sørsida av Venøytongane er det søkt om konsesjon for oppdrett av marin fisk.

Kommunen ønskjer at området skal vere tilgjengeleg for allmenheita til friluftsføremål. Det vil truleg la seg gjere å tillempe dei eksisterande interessane til kvarandre slik at ikkje nokon vert særskilt skadelidande. Ferdsla bør evt. kanalisert ved hjelp av noko tilrettelegging for å hindre konflikter t.d. med landbruket i området. Ein ønskjer å vere restriktiv m.o.t. nye bruksinteresser som kan vere til ulempe for eksisterande bruk. Ein meiner derfor at det ikkje bør tillatast etablert oppdrettsanlegg som bandlegg areal i området då dette vil auka faren for konflikter, samstundes som det i liten grad vil vere forenleg med friluftsføremåla.

12.2 KONFLIKTOMRÅDE I NORDRE DEL AV KOMMUNEN.

Borgundvåg.

Borgundvågen vert nyttja til hamneføremål og låssetjing. Kommunestyret vedtok 15.6.88 å gå inn for Kystverkets planar for utbygging av hamna. Det er og gjeve konsesjon for eit oppdrettsanlegg (Borgund Laks) på nordsida av Borgundholmen som delvis kjem i konflikt med låssetjingsplassen. Som tidlegare nemd er samlokalisering av akvakultur/låssetjing ikkje å anbefale grunna fare for sjukdomssmitte, uhell etc. Låssetjingsplassen vert likevel vurdert som så viktig at den bør oppretthaldast og det er disponert areal til dette føremålet i planen.

Neseholmane/Sandvika.

Området er dominert av landbruk på landsida. Neseholmane og sjølve strandbeltet i Sandvika er attraktive for friluftsliv, bading og allmen ferdsel. Nesevika vert nytta til låssetjing og det er søkt om konsesjon for oppdrett i området.

Dersom Stadttunnelen vert bygd vil trafikken i Vanylvsfjorden auke og det vil verte behov for område som er tilgjengelege og attraktive for dei reisande. Totalt sett er det relativt få slike lett tilgjengelege og attraktive strandområde på vegen inn fjorden. Ein vurderer Neseholmane og Sandevika som område som bør disponerast til friluftsføremål og

noko som inneber at ein er restriktiv m.o.t. andre interessar som ikkje er forenleg med dette formålet.



Fig. 12.2 Neseholmane. Eit av områda i Vanylvsfjorden som er planlagt regulert til friluftsfomål.

Ein har i planen gått inn for å sikre friluftssinteressane i området. Planane om etablering av akvakultur i området vert vurdert som ikkje forenleg med dette formålet. Eit eventuelt anlegg i området må og p.g.a. djupne- og botnforholda trekkjast ut frå land slik at det vil kunne vere til hinder for småbåttrafikken.

12.3 KONFLIKTOMRÅDE I YTRE DEL AV KOMMUNEN.

Tungevågen.

Områda kring Tungevågen vert idag nytta hovudsakeleg til landbruksformål. Det er gjort noko mindre utfyllingsarbeid for å auke dyrkbart jordbruksareal.

Tungevågen er samstundes verneverdig våtmarksområde og er foreslått verna som naturreservat i Våtmarksplanen for Sogn og Fjordane. Verneframlegget gjeld berre sjølve vassflata, men vernereglane vil truleg innebere ein del restriksjonar for bruken av dei tilgrensande landområda i nedbørfeltet.

Kommunen ønskjer å gå inn for vern av området i samsvar med verneplanen under føresetnad av at det vert teke særskilt omsyn til landbruksinteressane ved utforming av vernereglar for området. Området er midlertidig bandlagt i planen for sikring til naturvernformål.

C. FRAMLEGG TIL PLAN (SJÅ VEDLEGG - PLANKART).

13. FRAMLEGG TIL PLAN FOR SØNDRE, NORDRE OG YTRE DEL AV KOMMUNEN.

Planframlegget er utarbeidd på grunnlag av ei samla vurdering av brukarinteressar, brukstilhøve (eignaheit), ressursar, konfliktsituasjonar, effektar på miljø- og naturgrunnlag og innan dei ramene som lovverk og forvaltning set. Det er teke omsyn til dei einiskilde måla for sektorane så langt råd er.




Fig. 13.1 Arealplanen gjeld søndre (1), nordre (2) og ytre (3) del av kommunen (tilsaman 3 kartblad). Sonegrensene er vist på kartet (skjematisk innteikna).

Der det har vore nødvendig har ein gjort prioriteringar mellom interesser eller kome fram til tilpasningsløyningar, t.d. gjennom deling av lokalitetar. Planframlegget er utarbeida i samsvar med tilrådingane og vedtaka i fag- og styringsgruppene.

Det har vore eit mål å lage plankartet enkelt og lett leseleg. Ein har derfor berre teke med eit utval tematiske opplysningar (om eksisterande bruk/verksemd/vern). Samla informasjon om eksisterande bruk går fram av av temakarta/områdebeskrivelsene (jfr. kap. 7).

13.1 PLANLAGT AREALDISPONERING FOR SØNDRE DEL AV KOMMUNEN.

AREALKATEGORI

STADNAMN 1)

BYGGEOMRÅDE

Industri

- Fanavika i Sørpollen
- Salt
- Moldestad i Moldefjorden

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

Landbruks-, natur- friluftsområde

- Landareal som ikkje er vist disponert til annan særskilt bruk

OMRÅDE SOM ER/SKAL BANDLEGGJAST

Spesialområde: Friluftsliv

- Venøytangen

Spesialområde: Naturvern

- Flatholmen v/Venøy
- Ersholmen v/Selja
- Grytting v/Selje

Spesialområde: Kulturvern

- Flatraket
- Selja
- Rydjejord-Årdal

Eksisterande eller foreslått
reguleringsområde eller område
som omfattast av soneplan

- Flatraket
- Eidsstranda
- Berge (øst for)
- Klubbholmen-Langenes (Moldefj.)
- Selje sentrum

OMRÅDE FOR SÆRSKILT BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

Kaste- og låssetting

- Fanavika i Sørpollen
- Kåsavika v/Venøy
- Haggarsvika i Flisterpollen
- Øygardsvika i Moldefjorden
- Selja (østsiden)

Akvakultur 2)

- (A) ● Kisteneset-Fanavika
- (Ae) ● Nordpollen (indre del)
- (Ae) ● Vedrhus
- (A) ● Seljeneset-Giljeneset
- (Ae) ● Furenes i Nordpollen
- (Ae) ● Skipevågen v/Venøy
- (Ae) ● Vikane
- (A) ● Røyset (Barmen nordvest)
- (A) ● Keilaberget (Barmen nordøst)
- (A) ● Ytre Barmen
- (A) ● Korsnes (Barmen sørøst)
- (Ae) ● Barmen (nordøst)
- (Ae) ● Barmsund (Selane)
- (A) ● Solvåg (Barmen sørvest)
- (Ae) ● Storehammarneset i Flisterpollen
- (Ae) ● Øygardsvika i Moldefjorden
- (Ae) ● Hatlenes i Moldefjorden
- (Ae) ● Hatlenes (sør for)
- (Ae) ● Berstad
- (Ae) ● Eide
- (Ae) ● Selja (østsiden)
- (Ae) ● Ytre Drage

Fiske

- Flatholmen-Flatraksvika
- Nordpollen
- Flisterpollen
- Statthavet.

Fiske og ferdsel
(fleirbruksområde)

- Sjøområde som ikkje er vist disponert til annan særskilt bruk

VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET

Hamn

- Flatraket
- Kvernevika
- Vedrhusvika
- Ytre Barmen
- Rundreimsvika
- Øygardsvika
- Lestovika

Merknader:

- 1) Område er gjeve opp med stadnamn frå ØK-1:20000. Dersom området ikkje har har eige namn, er næraste stadnamn nytta.
- 2) Ae= eksisterande akvakulturanlegg/-konsesjonar
A = nye område som i flg. planen skal nyttast til akvakultur

13.2 PLANLAGT AREALDISPONERING FOR NORDRE DEL AV KOMMUNEN.

AREALKATEGORI

STADNAMN

BYGGEOMRÅDE.

Industri

- Stavsneset

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

Landbruks-, natur-
og friluftsområde

- Landareal som ikkje er vist disponert til andre særskilte bruksformål

OMRÅDE SOM ER/SKAL BANDLEGGJAST

Spesialområde: Friluftsliv

- Neseholmane (Rekevik)
- Sandvika

- Kvamsvika m/holmane

Eksisterande eller
foreslått reguleringsområde
eller område som omfat-
tast av soneplan

- Leikanger
- Otnheimneset
- Sneide (Kjøde)
- Kjøde

OMRÅDE FOR SÆRSKILT BRUK OG VERN AV SJØ ELLER VASSDRAG

Kaste- og låssetjing

- Borgundvågen (nordre del)
- Borgundvågen (søndre del)
- Otnheimvika
- Nesevika

Akvakultur

- (Ae) ● Borgundvågen (nordre del)
- (A) ● Beitveit
- (Ae) ● Lundebrekke
- (A) ● Lundebrekke
- (Ae) ● Otnheim
- (Ae) ● Furenesvika
- (A) ● Stokkevågholmane
- (Ae) ● Stokkenes
- (A) ● Stokke

Fiske

- Borgund (fjordområde)
- Otnheim (fjordområde)
- Årsheim (fjordområde)

Fiske og ferdsel
(fleirbruksområde)

- Sjøareal som ikke er
vist disponert til andre
særskilte bruksformål

VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET

Hamn

- Borgundvågen (indre del)
 - Blikneset (v/Leikanger)
-

13.3 PLANLAGT AREALDISPONERING FOR YTRE DEL AV KOMMUNEN.

AREALKATEGORI

STADNAMN

BYGGJEOMRÅDE

Industriområde

- Honningsvåg (indre del, nord)
- Honningsvåg (indre del, sør)

LANDBRUKS-, NATUR-, OG FRILUFTSOMRÅDE

Landbruks-, natur-, og
friluftsområde

- Landareal som ikke er vist
disponert til andre særskilte
bruksformål

OMRÅDE SOM ER/SKAL BANDLEGGJAST

Spesialområde: Friluftsliv

- Ervika
- Hoddevika

Spesialområde: Naturvern

- Høgfjell-Skjolden
- Hoddevik (Sandmølen)
- Tungevågen

Spesialområde: Kulturvern

- Hovden (Ervika)
- Storeneset (v/Tungevågen)

Eksisterende eller foreslått
reguleringsområde eller område
som omfattast av soneplan

- Ytre Honningsvåg

OMRÅDE FOR SÆRSKILT BRUK OG VERN AV SJØ ELLER VASSDRAG

Kaste- og låssetjing

- Hoddevika (Hoddevikneset)
- Honningsvågen

Fiske

- Hoddevikneset (sjøområde utanfor)
- Honningsvågen (sjøområde utanfor)

Fiske og ferdsel
(fleirbruksområde)

- Kvitneset (sjøområde utanfor)
 - Sjøareal som ikkje er vist disponert til andre særskilte bruksformål
-

VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET

Hamn

- Honningsvågen (indre del)
-

14. FØRESEGNER TIL PLANEN.

Arealdelen i kommuneplanen er under utarbeiding. Framlegg til soneplaner er for tida (mai 1989) ute til lokal høyring. I kystsoneplanen er det merkt av kor eksisterande (vedtekne) regulerings- og soneplanar gjeld og område kor slike planar er under utarbeiding. Kystsoneplanen er i hovudsak konsentrert om sjøarealet. Ein ønskjer førebels ikkje å binde opp arealbruken på land (gjennom kystsoneplanen) før prosessen med kommuneplanen og samla arealplan for landsida er gjennomført.

Rettsverknadene for landsida er derfor reduserte gjennom bruk av PBL, § 20-4, andre ledd, bokstav h:

For det landareal som omfattast av planen skal arealbruken etter PBL, § 20-4, første ledd, ikkje ha rettsverknad etter PBL, § 20-6, andre og tredje ledd. (Landarealet er det areal som ligger høyer enn "midlere høyvannsstand". Skillet mellom land/sjø går fram av det offisielle kartverket).

Den arealdisponering som er vist for landområda skal likevel vere rettingsgjevande for kommunal handsaming av einskildsaker.

15. VERKNADER AV PLANEN.

15.1 PLANSTATUS.

Planen har status som kommunedelplan og skal gjevast sakshandsaming i samsvar med føresegnene om kommuneplanar i PBL. Planen skal innarbeidast i/koordinerast med kommuneplanen som er under utarbeiding. Planen vert føreslege revidert med jamne mellomrom, helst ein gong årleg.

15.2 RETTSVERKNADER.

Planen skal etter godkjenning vere rettsleg bindande for fastlagt arealbruk (med unnatak av landområda, jfr. kap. 14, føresegner til planen). Selje kommune har ikkje vedteken kommuneplan med arealdel for landsida. Ein ser det som uheldig å binde opp arealbruken på land gjennom kystzoneplanen då landarealet primært vil verte handsama gjennom kommuneplanens arealdel. Hovudformålet med kystzoneplanen er å disponere sjøområda, særskilt m.o.t. akvakultur og løyse eventuelle konflikhtar i samband med dette.

Arbeid og tiltak som nemnt i PBL, §§ 81,84,86a og 86b og 93 (tiltak som krev byggjetillatelse eller byggjemelding), må ikkje vere i strid med arealbruk og føresegner i planen. Det same gjeld andre tiltak som kan vere til vesentleg ulempe for gjennomføringa av planen.

Planen har ikkje direkte verknad for såkalla "ambulerande" verksemd. T.d. vil ein i område for "fiske og ferdsel" (fleirbruksområde) ikkje kunne hindre annan fleirbruksaktivitet (t.d. friluftaktivitetar) som ikkje er manifestert ved faste innretningar eller anlegg (som krev byggjetillatelse eller byggjemelding), men det vil neppe verte mogeleg å lokalisere akvakulturanlegg i slike område.

I 100m beltet langs sjøen gjeld generelt forbod mot byggjing og frådeling (rikspolitisk retningsline). Forbodet gjeld ikkje bade- og toalettanlegg på friluftsområde som er åpent for allmenheita, bygning m.v. for naturvernformål i område som er freda i høve til naturvernlova og heller ikkje bryggje på bebygd eigedom for sikring av tilkomst. Forbodet etter § 17-2 gjeld heller ikkje byggjeverksemd som er naudsynt i høve til stadbunden næring, t.d. fiskebruk, driftsbygningar for akvakulturanlegg m.v. og som derfor må plasserast i strandsona. Spørsmålet om kor naudsynt plasseringa er, må avgjarast ved skjønn i kvart einskild høve.

Når det gjeld spreidt utbyggjing i landbruks-, natur-, og friluftsom-

råda (innan 100m- beltet) tek denne planen ikkje stilling til omfang eller lokalisering (ved bruk av føresegner til planen), men forutset at dette vert nærmare handsama i kommuneplanens arealdel.

Det er ikkje stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan for dei områda som er avsett til akvakultur. I fleire av desse områda er det allereide søkt om oppdrettskonsesjon og eventuelle grunneigarspørsmål er truleg avklara. Det vil derfor ikkje vere behov for sterkare kommunale verkemedel for å få sikre planføremålet. Dersom det skulle syne seg at planen vil verte vanskeleg å gjennomføre grunna problemer med eigedomstilhøve etc., bør det ved planrevisjon innarbeidast krav om regulering, evt. med høve til oreigning.

Planen er ikkje eigna som reidskap for å prioritere internt (med rettsleg binding) innan ein sektor, t.d. akvakultur. Det er difor ikkje skilt mellom ulike typar akvakulturverksemd (t.d. mellom anlegg for oppdrett av laks og aure, marin fisk - og reservelokalitetar). Det er heller ikkje gjeve tilrådingar om interne prioriteringar, Det har ikkje vore noko mål i denne omgong å detaljstyre bruken. Ein ser dette primært som ei oppgåve for vedkomande forvaltningsstyresmakt

15.3 ØKONOMISKE KONSEKVENSAAR.

Økonomiske konsekvensar av planen vil vere krav om innløyising av areal, oppfølging av tiltak og utarbeiding av reguleringsplanar. Innløyising kan krevjast for ubebygt eigedom som i arealdelen er lagt ut til formål som nemnt i §25, nr. 3,4,7 og 8 og eigedomen innan 4 år ikkje vert regulert eller lagt ut til anna formål i arealdelen. Vilkårret for å krevje innløyising er at eigedomen ikkje lenger kan nyttast på rekningsssvarande måte.

Totalt vil ikkje planen medføre store kostnadar for kommunen då det meste av arealet er sjø som ikkje fell inn under privat eigedomsrett. Ved utarbeiding av reguleringsplaner for dei områda som er midlertidig bandlagte etter § 20-4, andre ledd, pkt.4, vil det verte naudsynt å vurdere dei økonomiske konsekvensane, t.d. som følgje av erstatningskrav, meir i detalj.

16. UTARBEIDING AV REGULERINGSPLANAR OG SIKRING AV PLANFORMÅL.

For (sjø)område som er lagt ut til kategorien "bandlagt område" (jfr. PBL, § 20-4, første ledd) vil i planen medføre eit midlertidig vern. Rettsverknaden for desse områda er derfor begrensa til 4 år frå kommunestyrets vedtak, men med høve til forlenging inntil 2 år etter søknad til Miljøverndepartementet. Desse områda må sikrast gjennom bruk av reguleringsplan eller vedtak etter sektorlovverket. Dersom dette ikkje skjer innan dei oppsette tidsfrister, fell planformålet bort. Sjølv om rettsverknaden formelt sett ikkje gjeld for tilsvarande landområde, er det innlysande at vidare sikring/utarbeiding av reguleringsplanar må sjå sjø og land i samanheng.

Bandleggjing (inntil 4 år frå planen vert godkjend) skal hindre at verdien av dei område og planformål det gjeld (naturvern, friluftsliv, kulturvern/bevaring) ikkje vert forringa eller øydelagd før bruken vert nærmare fastlagd i reguleringsplan. I bandleggjingsperioden skal dei kommunale etatar vise aktsomheit og halde kontakt med Miljøvern-avdelinga hos Fylkesmannen og Planavdeling/Fylkeskonservator hos Fylkeskommunen m.o.t. tiltak eller bruksendringar som ikkje er forenlege med planformålet i desse områda.

16.1 OMRÅDE BANDLAGT TIL SPESIALOMRÅDE: FRILUFTSLIV.

● Venøytangen.

Foreslås sikra gjennom reguleringsplan med formål å ta vare på områdetts verdi for friluftsliv slik det ligg i dag utan særleg tilretteleggjing. Det vil vere særleg viktig å få avklart tilhøva til landbruksinteressane i området.

● Neseholmane/Sandvika.

Foreslås sikra gjennom reguleringsplan med formål å sikre allmenferdsel og friluftsliv i området. Tilhøva til landbruksinteressane må særskilt avklarast, m.a. for å sikre tilkomst til strandsona frå veg. Det bør tillatast ei viss moderat tilrettjelegging i området (t.d. visse servicefunksjonar for båtfarande, parkeringstilhøve). Dette bør fastsetjast nærmare gjennom reguleringsføresegner i h.h.t. § 26 i PBL.

● Kvamme m/holmane.

Foreslås sikra gjennom reguleringsplan. Området er både av lokal og

regional interesse for friluftslivet. Det bør tillatast ei viss moderat tilrettjelegging i området (t.d. visse servicefunksjonar for båtfarande, parkeringstilhøve). Fastsetjast nærmare gjennom reguleringsføresegner i h.h.t. § 26 i PBL.

- Ervika.

Foreslås sikra gjennom reguleringsplan. Området er av nasjonal/ regional verdi for friluftslivet. Området vert sikra for turgåing, bading m.v.

- Hoddevika (Hoddeviksanden).

Foreslås sikra gjennom reguleringsplan. Området er av lokal/regional verdi for friluftslivet. Området vert sikra for turgåing, bading m.v.

16.2 OMRÅDE BANDLAGT TIL SPESIALOMRÅDE: NATURVERN.

- Flatholmen v/Venøy.

Foreslås sikra med heimel i naturvernlova. Området har zoologisk/ ornitologisk verneinteresse, og er av internasjonal/nasjonal verneverdi. Tilhøva mot friluftssinteressane i området bør nærmare avklarast.

- Ersholmen v/Selja.

Foreslås sikra gjennom reguleringsplan i samband med regulering av område for kulturvern på Selja. Området er av botanisk verneverdi.

- Grytting.

Er sikra med heimel i naturvernlova.

- Hoddevika.

Foreslås verna i h.t. naturvernlova. Særprega område m.o.t. sandflukt. Sanden er samstundes eit problem for t.d. landbruksinteressene i området. Det bør vurderast nærmare korleis ein kan sikre dette naturfenomenet, samstundes som ein tek omsyn til bruksinteressene i området.

- Høgfjell/Kjelden.

Foreslås verna i h.t. naturvernlova. Fuglefjell av zoologisk/ornitologisk verneinteresse og av regional berneverdi.

- Honningsvågen.

Foreslås sikra med heimel i naturvernlova. Området inngår i framlegg til våtmarksplan for Sogn og Fjordane.

16.3 OMRÅDE BANDLAGT TIL SPESIALOMRÅDE: KULTURVERN.

- Flatraket (Keila).

Foreslås sikra gjennom reguleringsplan/Lov om kulturminne. Lite naustmiljø som ligg på vestsida av moløen.

- Selja.

Foreslås sikra gjennom reguleringsplan/Lov om kulturminne. Kirke, kloster m.v. frå år 1103. Øya har fleire kultur-minnesmerke. Kulturhistoriske verdiar ligg og truleg på sjøbotnen i strandområda. Dei tilgrensande sjøområda bør difor vernast.

- Rydjejord-Årdal.

Foreslås sikra gjennom reguleringsplan/Lov om kulturminne. Området har bygningar m.v. av kulturhistorisk verdi.

- Hovden v/Ervika.

Foreslås sikra gjennom reguleringsplan/Lov om kulturminne. Minnesmerke frå 2. verdskrig. Fungerer m.a. som attraksjon for turistar.

- Storeneset v/Tungevågen.

Foreslås sikra gjennom reguleringsplan/Lov om kulturminne. Minnesmerke frå 2. verdskrig. Fungerer m.a. som attraksjon for turistar.

17. PRIORITERTE ARBEIDSOPPGÅVER/HANDLINGSPROGRAM.

I det følgjande er det sett opp prioriterte oppgåver for ei konkret oppfølging av planarbeidet (etter godkjenning av planen).

PERSONALRESSURSAR FOR OPPFØLGJING AV PLANARBEIDET.

- Det vert sett av personalressursar m.v. for oppfølging av planarbeidet og fordeling av ansvar for oppfølging innan sektorane.

KOORDINERING AREALBRUK SJØ - LAND.

- Kystzoneplanen tek i hovudsak føre seg arealbruken på sjø. Arealdelen av kommuneplanen (landsida) er under utarbeiding. Planarbeidet er forsøkt koordinert for m.a. å unngå konflikhtar mellom brukarinteresser på sjø og på land. Ved vidare arbeid med kommuneplanen og revisjon av kystzoneplanen skal det leggjast særleg vekt på vidare samordning av interessane på "tvers" av strandlina.

INNARBEIDING I KOMMUNEPLANEN/KOMMUNEPLANENS HANDLINGSPROGRAM.

- Kystzoneplanen (kommunedelplanen) innarbeidast i kommuneplanen/kommuneplanens handlingsprogram/budsjett.

PLANREVISJON.

- Planen skal reviderast med jamne mellomrom, minst 2 gonger innan kvar valperiode (annakvart år) for å innarbeide nye føresetnader, spesielt m.o.t. den raske utviklinga innan akvakulturnæringa. Det må utarbeidast eit opplegg for korleis revisjon skal gjennomførast.

SIKRING AV SÆRSKILTE FORMÅL I PLANEN.

- Midlertidig bandlagte område (4 år) i planen må sikrast ved bruk av sektorlovverket/reguleringsplanar. Dette må avklarast nærare med dei aktuelle sektorstyresmaktene. I bandleggjingsperioden skal die kommunal etatane sjå til at det ikkje vert sett igong tiltak eller bruksendringar som er til skade for det

fastsette planformålet.

AVKLARING AV GRUNNEIGARSPØRSMÅL I SAMBAND MED AKVAKULTUROMRÅDE.

■ Grunneigarspørsmål i samband med dei områda som skal disponerast til akvakultur skal nærare avklarast, evt. må særskilte verkemedel for plangjennomføring vurderast dersom det vert naudsynt.

NÆRARE UNDERSØKJINGAR AV OMRÅDE FOR AKVAKULTUR.

■ "C-områda" (i høve til LENKA-klassifisering, sjå kap. 9) som er vurdert som midre godt eigna for akvakultur bør undersøkjast nærare m.a. i samband med dei nyare forskningsresultata om oppdrett i terskelfjordar. Kommunen skal sjå nærmare på kva som vil vere riktig plassering av anlegg innan desse områda m.a. i høve til forureiningslova. Dette bør skje i samråd med Fiskerisjefen og Fylkesmannens miljøvernavdeling.

OPPFØLGJING AV PROSJEKT FOR UTSETJING OG GJENFANGST AV FISK.

■ Kommunen vil leggje forholda tilrette for eit eventuelt prosjekt for utsetjing av torskeyngel som seinare skal gjenfangast. Kommunen vil evt. sikre område for denne type verksemd revisjon av planen. Fleire område i kommunen (pollane) er truleg svært godt eigna for utsetjing av og gjenfangst av fisk. Det skal takast nærare kontakt med Fiskerisjefens kontor for utarbeiding av eit meir konkretisert opplegg.

FASTSETJING AV TVERRSEKTORIELLE MÅL.

■ Det vert arbeidd vidare med å utvikle tverrsektorielle mål for framtidig arealdisponering av kystsona.

STYRKING AV DATAGRUNNLAGET FOR PLANLEGGJINGA.

■ Det vert arbeidd med å frambringe eit betre datagrunnlag for interesser som er dårleg kartlagte, t.d. kulturvern.

UTFORME NÆRARE RETNINGSLINER M.O.T. FORVALTNING AV STRANDSONA.

- Arbeide med å vurdere omfanget av spreidt utbyggjing i strandsona og kor strengt byggjeforbodet i strandsona skal handhevast. Registreringane av strandtypar (jfr. temakart) bør t.d. nyttast ved fastsetjing av retningsliner for korleis strandsona skal forvaltast i ulike delar av kommunen.

OPPDATERING AV KUNNSKAP OM AKVAKULTUR FOR Å MØTE NYE UTFORDRINGAR.

- Halde kunnskapen om utviklinga innan akvakultursektoren oppdatert. Dette gjeld særskilt utviklinga innan ny oppdrettsteknologi/ nye artar og oppdrett i terskelfjordar.

TILRETTELEGGJING AV INFRASTRUKTUR FOR AKVAKULTURNÆRINGA.

- Utgreie nærare korleis kommunen kan leggje tilrette forholda for fortsatt vekst innan akvakulturnæringa, særskilt m.o.t tilretteleggjing av infrastruktur.

GJERE PLANMATERIALET TILGJENGELEG.

- Gjere grunnlags- og planmateriale tilgjengeleg for brukarar, skular og publikum elles.

LITTERATUR

Føljande rapporter/notat er utarbeid i samband med kystsoneplanen:

Golmen, L. G. 1989: Hydrografiske og hydrokjemiske observasjonar i Selje 1987-1988. Datarapport. NIVA-notat, E-89478.

Sørensen, J. 1989: Akvakultur og friluftsliv. Konflikter og samordningsmuligheter. NIVA-rapport, E-87704, Lnr. 2275.

Sørensen, J; Stuvøy, K. 1988: Badeplasser i Selje. Resultater fra spørreskjemaundersøkelse blant skoleelever. NIVA-notat, O-87102, E-88423.

Sørgaard, K. 1988: Eigna område for oppdrett i sjøen i Selje kommune. NIVA-rapport, O-87102, Lnr. 2172.